

UNIVERSITETET I OSLO
DET HUMANISTISKE FAKULTET

Eksamen i

EXFAC03-SPR

Examen facultatum, språkvitenskap

Høst / haust 2013

Tid: Mandag/måndag 2. desember 2013 kl. 9 – 13 (4 timer/timar)

Sted/stad: Seminarrom 14 + 15 P. A. Munchs hus

Ingen hjelpemidler tillatt.

Hjelpemiddel ikkje tillatne.

Oppgavesettet er på 3 sider, forsiden medregnet.

Oppgavesettet er på 3 sider medrekna framsida.

Sensur: 3 uker/veker

Oppgavesett på BOKMÅL

Alle oppgavene skal besvares.

1. Fonetikk og fonologi

- Gi en fonetisk transkripsjon av ordet *kongehusekspertene*. Oppgi språkbakgrunna di.
- Gi en fonemisk transkripsjon av ordet *kongehusekspertene*.
- Forklar forskjellen i artikulasjonsmåte mellom lukkelyder og frikativer.
- Hvilke bilabiale og labiodentale fonemer har vi på norsk? Nevn alle fem, og gi eksempler på allofoner hos ett av disse fonemene. Forklar når disse allofonene blir brukt.

2. Syntaks

- Analyser følgende setning ved hjelp av et syntaktisk tre:
Mannen med låen har lært meg å bruke eksempelsetninger som er veldig blodige.
- Forklar forskjellen på følgende tre begrep: subjekt, agens og tema. Gi minst ett eksempel på en setning med et subjekt som ikke er agens, og gi minst ett eksempel på en setning med et tema som ikke er subjekt.

3. Morfologi

- Analyser ordet *vennskaplighetsfrasene* ved hjelp av et morfologisk tre.
- Hvilke grammatiske trekk inneholder den grammatiske kategorien *grad* på norsk, og hvilke grammatiske trekk inneholder den grammatiske kategorien *tempus* på norsk? Gi eksempler på alle disse trekkene. Er det noen av de trekkene du har nevnt som kan uttrykkes perifrastisk? Gi eksempler.

4. Språkendring

Hva mener vi med begrepet *analogi* innenfor språkendring? Forklar.

5. Språktypologi

Nedenfor gis to setninger på tyrkisk. Under der følger det en ord-for-ord-oversettelse til norsk, og deretter en ordentlig oversettelse.

Köpek eski yatağın altında uyuyordu.

hunden gammel senga under sov

”Hunden sov under den gamle senga.”

Çocuk köpeği buldu.

barnet hunden fant

”Barnet fant hunden.”

Vis og forklar ut fra disse eksemplene om tyrkisk er et språk hvor rekkefølgen hode-dependent eller rekkefølgen dependent-hode er dominerende.

Oppgavesett på NYNORSK

Du skal svare på alle oppgåvene.

1. Fonetikk og fonologi

- Gje ein fonetisk transkripsjon av ordet *kongehusekspertane*. Oppgje språkbakgrunna di.
- Gje ein fonemisk transkripsjon av ordet *kongehusekspertane*.
- Forklar skilnaden i artikulasjonsmåte mellom lukkelydar og frikativar.
- Kva for bilabiale og labiodentale fonemar har vi på norsk? Nemn alle fem, og gje døme på ulike allofon hos eit av desse fonema. Forklar når dei ulike allofona vert nytta.

2. Syntaks

- Analyser følgjande setning ved hjelp av eit syntaktisk tre:
Mannen med låen har lært meg å bruke eksempelsetninger som er veldig blodige.
- Forklar skilnaden på følgjande tre omgrep: subjekt, agens og tema. Gje minst eitt døme på ei setning med eit subjekt som ikkje er agens, og gje minst eitt døme på ei setning med eit tema som ikkje er subjekt.

3. Morfologi

- Analyser ordet *venskapelegheitsfrasane* ved hjelp av eit morfologisk tre.
- Kva for grammatiske trekk inneheld den grammatiske kategorien *grad* på norsk, og kva for grammatiske trekk inneheld den grammatiske kategorien *tempus* på norsk? Gje døme på alle desse trekka. Er det nokre av dei trekka du har nemnd som kan uttrykkast perifrastisk? Gje døme.

4. Språkendring

Kva meiner vi med omgrepet *analogi* innanfor språkendring? Forklar.

5. Språktypologi

Nedanfor finn du to setningar på tyrkisk. Under dei følgjer det ei ord-for-ord-omsetjing til norsk, og deretter ei ordentlig omsetjing.

Köpek eski yatağın altında uyuyordu.

hunden gamal senga under sov

”Hunden sov under den gamle senga.”

Çocuk köpeği buldu.

barnet hunden fann

”Barnet fann hunden.”

Vis og for klar ut frå desse eksempla om tyrkisk er eit språk der rekkefølga hovud-dependent eller rekkefølga dependent-hovud er dominerande.